

**Adresselista for dei som no skal uttala seg til NVE om byggjing av 13 småkraftverk i Kvinnherad, Jondal og Ullensvang manglar uttalepartar frå Uskedalen sjølv om 3 av prosjekta er i vår bygd.
Det har Uskedal utvikling merka seg og reagert på.**

- Jamvel om søknadane er lagt ut til offentleg ettersyn med høve for alle til å sende uttale, hadde vi venta ei meir lokal adresseliste, seier leiar Kristian Olav Bringedal til uskedalen.no

Han siktar då særleg til grunn- og elveeigarlaget, bondelaget, utmarkslag, vassverket og sjølvsgt Uskedal Utvikling.

UU syner elles til informasjonsmøtet som vart halde i haust i Uskedalen og felles folkemøte som skal haldast i Sundal i Mauranger 14. mai.

Bringedal oppmodar om at det vert meldt frå om det er trong for eit nytt møte lokalt om dei 3 kraftverka her. UU kan gjerne vera tilskipar.

Av Ola Matti Mathisen